



2 hus i Skårhaug er ødelagt av brann i dei seinare åra og det siste var Skårhaug 1 nede ved fylkesvegen. Det brann 29. mai 2011 og brannen var ikkje udramatisk men det gjekk bra med Marie og Endre Harald Wang.

No reiser huset seg att frå oska og taket er iferd med å koma på plass. Det vert ein vertikaldelt tomannsbustad som blir liggjande litt lenger oppe i lendet enn huset som brann.

Det er Teigen Bygg og Trelast som har prosjektet og det har gått raskt unna i den seinare tid.

Det første brannramma huset i strøket fekk ein svært vellukka erstattar og alt tyder på at det vert tilfellet også med det andre.

Foto: Ola Matti Mathisen